

Handlingsprogram for klima og miljø 2014-2016

Samla rapportering på tiltak

1. Utsleppsreduksjon

1.1. Næring, inkludert landbruk

Tiltak	Ansvarleg	Korleis	Rapportering/ indikatorar	Følgd opp
I samband med tildeling av regionale utviklingsmidlar skal det stillast krav til miljøprofil og berekraftig drift.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Fylkeskommunen etablerer kriterier og stiller krav til miljøprofil og berekraftig drift ved tildeling av regionale utviklingsmidlar.	Vurdering	Krav om å legge vekt på klima og miljø er følgt opp i retningsliner for verkemiddelbruk og i oppdragsbrevet til Innovasjon Norge
Skape bevisstheit i næringslivet om fordelane ved å setje samfunnsansvar på dagsorden.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Gjennom «Prosjekt samfunnsansvar» Fylkeskommunen leiar styringsgruppa og er med å danne eit permanent nettverk	Rapport frå «Prosjekt samfunnsansvar» og nettverk. Tal bedrifter som er med i prosjektet	Rapport frå prosjektet er levert 57 aktørar frå det offentlege, næringsliv og organisasjonsliv som er med og 11 av desse verksemdene kan reknast som Fyrtårn- verksemdar innan samfunnsansvar

<p>Fylkeskommunen si satsing på klima og miljø skal inkluderast som prioritert FoU-tema i neste bestilling til Regionalt forskingsfond under alle søknadstypar (bedriftsretta, offentleg sektor, andre).</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Bestillinga bør primært ha med definerte klima- og miljømål for fylket, saman med status for manglande måloppnåing, som føring på kva forkinga skal rette seg mot.</p>	<p>Styringsgruppene med ansvar for FoU skal for klima og miljø rapportera på:</p> <ul style="list-style-type: none"> a) Mål og resultat b) Kritiske suksessfaktorar c) FoU-prosjekt etablert d) Tiltak og innovasjonar etablert e) Evaluering av prosess og tiltak <p>Evaluering av mål og resultat</p>	<p>Der er ikkje lagt inn definerte klima- og miljømål for fylket, saman med status for manglande måloppnåing, som føring på kva forkinga skal rette seg mot.</p> <p>FoU-prosjekt etablert i RFF Vestlandet sidan 2010:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 2010fp Vestlandslandbruket og klima - 2011fp Lokal sårbarheit klimapolitikk - 2011hp AREALKLIM - 2014hp Klimatilpassing Aurland - 2014fp Er dekk og diesel – landbruket berekraftig matproduksjon? .
<p>Plangruppene for verdiskapingsplanen skal vurdere tiltak som har god effekt i høve utsleppsreduksjon og klimatilpassing.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Dette kjem under punktet samfunnsansvar og berekraftig utvikling (sjå punkt 4 i utkast til planprogram).</p>	<p>Er det gjort slike vurderingar? (referat frå møte)</p> <p>Konkrete tiltak utleda frå vurderingar</p>	<p>Kvar gruppe har gjort sine vurderingar, til dømes innanfor reiseliv.</p> <p>Nei</p>

<p>Følgje opp forskingsprosjektet «Samspel for berekraftig reiseliv».</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, Fylkesmannen</p>	<p>Samarbeide med Vestlandsforskning om gjennomføring av prosjektet.</p>	<p>Vestlandsforskning rapporterer på gjennomføring av prosjektet.</p> <p>Prosjektrapport føreligg i 2015.</p>	<p>To vitenskapelige artiklar er ferdige og Vestlandsforskning held på å skrive den tredje.</p> <p>Har jobba med følgjande case:</p> <ul style="list-style-type: none"> - cruisehamn - miljøsertifisering av destinasjonar - hyttebygging - nasjonalparkplanlegging - turstiar <p>Konklusjonane vert fulgt opp i eit arbeidsseminar med reiselivsplanen si berekraftsgruppe.</p>
<p>Miljøsertifisering av reiselivsbedrifter</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Lyse ut midlar til miljøsertifisering av reiselivsbedrifter. Denne ordninga vert slått saman med midlar til andre bedrifter, og ansvaret vert overført til Innovasjon Norge</p>	<p>Tal miljøsertifiserte reiselivsbedrifter</p>	<p>Ordninga er lyst ut i november 2014 og det er komme inn 3 søknader frå reiselivsbedrifter.</p> <p>Reiselivsbedrifter som ynskjer å miljøsertifisere seg er invitert til gratis oppstartsseminar i samband med reiselivskonferansen i november 2015.</p>
<p>Følgje opp berekraftkriteria for reiselivssatsinga, og etablera tydeleg rapportering på desse.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmann, styringsgruppa for reiselivsplanen</p>	<p>Oppfølging av Reiselivsplanen 2010-2025. Berekraftkriterier utarbeidde i forskingsprosjekt.</p>	<p>Er rapporteringssystemet etablert?</p> <p>Er dette teke i bruk?</p>	<p>Fylkeskommunen har saman med Vestlandsforskning vurdert indikatorar for berekraftig reiseliv.</p> <p>Følgjande tre indikatorar er tatt inn i handlingsprogrammet til reiselivsplanen 2015 – 2018:</p>

			I kva grad fungerer det?	<ul style="list-style-type: none"> - total antal miljøsertifiserte reiselivsbedrifter - del norske gjestedøgn - opphaldstid per gjest i dei store reiselivskommunane <p>Måloppnåing knyt til indikatorane vil bli dokumentert gjennom perioden handlingsprogrammet gjeld</p>
I samband med utlysing av midlar til Infrastrukturprogrammet for reiselivet skal tiltak som støttar eit berekraftig reiseliv prioriterast.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, styringsgruppa for reiselivsplanen	Operasjonalisere berekraftkriteria frå forskingsprosjektet og tilpasse desse til infrastrukturprogrammet.	<p>Etablerte kriterier</p> <p>Prosent av verksemdene som har fått tildelt midlar som har ein berekraftig profil</p> <p>Effekt</p>	<p>Det står i utlysinga av infrastrukturmidlar i reiselivet at tiltak som vert støtta skal medverke til å nå mål om blant anna meir berekraftig reiseliv.</p> <p>Søknadane vert vurdert ut i frå fleire mål der berekraft er eitt av måla.</p> <p>Berekraft i seg sjølv er ikkje nok til at eit prosjekt får midlar, men det kan løfte ein søknad.</p>
Gjennom løyvingar til Fjord Norge stille krav til at internasjonale marknadsføringsmidlar skal stø opp om mål om eit berekraftig reiseliv.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Krav til Fjord Norge - inn i årlege løyvingar.	<p>Er kravet stilt?</p> <p>Har kravet påverka Fjord Norge si marknadsføring?</p>	<p>Det er ikkje stilt spesifikke krav om berekraft i tilsegnsbreva, men Fjord Norge har «sustainable tourism» som rettesnor, mellom anna etter initiativ frå fylkeskommunen.</p>

Avtalar mellom Sogn og Fjordane fylkeskommune og omstillingsområda skal sikre at utsleppsreduksjon og klimaendringar får auka fokus.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	I strategi og handlingsplanen til omstillingsområda skal det vere ein eigen del om korleis omstillingsområdet skal satse på arbeid rundt klima. Dette gjeld både for dei offentlege verksemdene og dei private.	Utarbeiding av tekst til avtalen Er dette teke med i avtalen? Har dette ført til auka fokus på klima?	Det er ikkje utarbeida ein slik tekst.
I tilsegnsbreva mellom fylkeskommunen og omstillingskommunane skal det settast krav om prioritering av miljø- og klimatiltak.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Tekst inn i tilsegnsbreva. Fylkeskommunen utarbeider tilsegnsbrev med krav om miljø og klimatiltak, ved hjelp av plan og samfunnsavdelinga.	Utarbeiding av krav Er krava teke med i tilsegnsbreva? Har krava noko effekt på kommunane si prioritering?	Krava er utarbeida. Krava er teke med i tilsegnsbreva. Ikkje målt effekt.
Det skal arrangerast ei samling for omstillingskommunane der samfunnsansvar er tema.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, Innovasjon Norge		Er samlinga gjennomført?	Samlinga vart gjennomført i mai 2014, og to av kommunane har følgd opp dette i eige arbeid.
Redusere negative miljømessige konsekvensar frå fiskeoppdrett.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Gjennom AHA (Arbeidsprogram for Heilskapleg akvakulturforvaltning). Starta i 2011 og gjennom "Marint Verdiskapingsfond Sogn og Fjordane" frå 2011.	Rapport frå AHA- programmet	Gjennom programmet AHA! jobbar fylkeskommunen med: <ul style="list-style-type: none"> - prosjekt for å etablere beredskapsgrupper for gjenfangst av rømd oppdrettsfisk i elvane i indre deler av Sognefjorden. - utviklingsprosjekt som kan bidra til å vidareutvikle berekratig havbruk gjennom Marint Verdiskapingsfond - finansiering av ulike prosjekt,

				til dømes «Avlusingsmetode ved bruk av mye miljøvenlege kjemikalier» og «Integrert akvakultur» (dyrking av tare ved lakseanlegg).
Ta i bruk og vidareformidle ny kunnskap om klimamessige utfordringane knytt til fiskeri og havbruk.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen		Bli ny kunnskap teke i bruk, og vidareformidla? Korleis vert dette gjennomført?	Tiltaket er ikkje følgt opp
Stimulera til auka bruk av miljøteknologi gjennom øyremerkte tilskotsordningar.	Innovasjon Norge	Miljøteknologiordninga; solenergi Redusera energiforbruk, bioenergi	Er det øyremerkte tilskotsordningar til miljøteknologi?	Ja, Miljøteknologiordninga. Gjev tilskot til bygging og testing av pilot- og demonstrasjonsanlegg. Gjeld alle bransjar.
Ta i bruk ny nasjonal rettleiar om samfunnsansvar	Innovasjon Norge	Rettleiar vert utarbeida nasjonalt.	Er denne rettleiaren teke i bruk?	Utarbeida rettleiar som vert nytta i vurdering av bedrifta sitt samfunnsansvar i alle saksinnstillingar i Innovasjon Norge.
Sikre at industriverksemder som vert omfatta av industriutsløppsdirektivet nyttar beste tilgjengelege teknikkar for å redusere sine bidrag til klimagassutsløpp.	Fylkesmannen	Ved oppfølging av utsløppsløype; m.a. gjennom tilsyn og ev revisjonar av gjevne løyve.	Er oppfølging av utsløppsløype gjennomført? Er tilsyn gjennomført? Er revisjonar av gjevne løyve gjennomført?	Dette er innarbeidd når aktuelt. Det er gjennomført tre større tilsyn og to større løyverevisjonar der dette er aktuelt.
Auke bruken av tre som materiale i bygg gjennom prosjektet «Tredrivar Sogn og Fjordane 2013-2015»	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, Fylkesmannen, og Innovasjon Norge	Redusere bruk av ikkje-fornybare ressursar (stål, betong o.l.) i byggebransjen, vedauka bruk av tre.	Er prosjektet gjennomført? Kan ein påvisa effekt? - Har bruken av tre auka? - Er bruken av stål og betong redusert?	Nei. Den tilsette i stillinga var sjukemeld over lang tid, og arbeidsforholdet er no avslutta. Det har vore etablert nokre tiltak via reserveløysingar. Prosjektet er ikkje tilstrekkeleg utprøvd til å rapportere. Der står att ca 1,5 mill

			Måloppnåing i prosjektplanen om auka bruk av tre etter prosjektperioden.	unyttar midlar, og prosjektet vert starta opp på nytt med ny prosjektleiar.
Framheve klima- og miljøperspektivet i høyringssaker relatert til landbruk i tråd med føringar i fylkesdelplan for klima og miljø.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	I arbeidet med konkrete høyringssaker.	Gjennomgang av høyringsutspel frå fylkeskommunen.	Det har ikkje vore nokon relevante høyringar i perioden 2014-2015.
Arbeide for å auke planting etter hogst (CO2-binding i skogen)	Fylkesmannen, Skognæringa	Informasjon om skogplanting Planteplikt som ein del av hogstavgiftar. Definere eigna areal for skogreising.	Er det blitt informert om skogplanting? Inngår planteplikt som del av hogstavgiftar? Er eigna areal blitt definert? Samanlikne hogstareal med planteareal (dekar) for å sjekka at plantearealet er minst like stort som hogstarealet.	Ja, det er informert. Fylkesmannen har argumentert for at skogeigarlaget tek med planting som del av hogstavgift og det ser ut til å bli meir vanleg. Ein har hatt nokre generelle drøftingar om kva type areal som eignar seg for klimamotivert treslagskifte, men ikkje kartfesta noko. Dette vert fulgt opp i det nye handlingsprogrammet
Spreie informasjon om korleis ein kan redusere utslipp av klimagassar frå jordbruksareala.	Fylkesmannen, Rådgjevingstenesta, landbruksnæringa	Informasjon om positive effektar av god agronomi og miljøvenleg gjødsling. Jamfør «Klimatiltak i landbruket i SF, 2012».	Er informasjonstiltak gjennomført?	Prosjekt saman med Fureneset om miljøvenleg gjødselhandtering. Info via Landbruksrådgjevinga.
Vurdere om det er mogeleg å bygge biogassanlegg på gardsbruk i Sogn og Fjordane	Fylkesmannen, Innovasjon Norge, landbruksnæringa	Følgje med på, og informere om den tekniske/økonomiske utviklinga. Vurdere om pilotprosjekt er mogleg.	Er eit pilotprosjekt vurdert?	Er vurdert basert på eit prøveprosjekt i Fjærland, men ikkje nokon storskala forsøk.

Greie ut potensialet for meir effektiv transport i landbruket i lys av aukande køyreavstandar	Fylkesmannen	Vurdere igangsetting av prosjekt	Er prosjektet vurdert? Er prosjektet gjennomført? Prosjektrapport	Prosjektet "Dekk og diesel" får støtte frå regionalt forskingsfond. Prosjektet er i gang (2014), men ikkje avslutta.
---	--------------	----------------------------------	---	--

1.2. Samferdsle

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar	Følgd opp
I samband med ferje- og bussanbod skal det gjennom politisk handsaming vurderast om det skal hentast inn tilbod på miljøvenleg teknologi/alternativ drivstoff.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen og Statens vegvesen	Vurdere dette gjennom politisk handsaming. Det vert sett premissar for meirkostnadar knytt til miljø i anbod.	Har det vore oppe til politisk handsaming? Er det henta inn tilbod? Er det bestilt ferje eller buss med alternativt drivstoff?	I samband med anbod på ferje er det politisk vedteke å nytte krav nedfelt i den siste reviderte landsdekkande ferjemalen, men det er ikkje stilt krav om miljøvenleg teknologi/ alternative drivstoff utover det som ligg i denne malen. I samband med arbeidet med bussanbod i Sunnfjord vart det vurdert om ein skulle setje krav til bruk av elbuss som bybuss i Førde. FU handsama dette i møte 18.06.14 i sak 84/14. Det vart ikkje lagt inn opsjon om bruk av elbuss i bussanbod Sunnfjord. I alle bussanbod er det lagt føringar om at operatør i kontraktperioden skal forplikte seg til å delta i prøveprosjekt for ny teknologi. Det er ikkje bestilt ferje eller buss

				med alternativt drivstoff i perioden
I samband med nye anbod skal alle ferjer ha oppdatere motorteknologi med lågare CO2- utslepp.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, statens vegvesen	Standard for motorteknologi skal settast tilsvarande den nye landsdekkande malen, og/eller til Tier 2 – nivå	Har det blitt stilt krav til oppdatert motorteknologi? Har ein fått ferjer med lågare CO2 utslepp?	Standard for motorteknologi stettar krav tilsvarande den nye landsdekkande ferjemalen. Fire fylkesvegferjesamband var i 2014 ute på anbod og skal tre i kraft i 2016 og 2017. Desse er ferjer med lågare CO2-utslepp enn ferjene i dagens kontrakt. I tillegg vil desse ferjene ha NOx-utslepp som ikkje overstig TIER 2 kravet.
Alle transportavtalar skal ha ei maksimumsgrense for CO2- utslepp.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Grensa som er sett for CO 2-utslepp i nyaste eurostandard og Tier 2 standarden vert nytta.	Blir maksimumsgrensa brukt i anbudsutlysing? Har bestilt transportmateriell tilsvarande reduserte utslepp?	Maksimumsgrense for CO2-utslepp vert nytta ved kjøp av transportavtalar. Det er gjennomført to bussanbod i perioden – Nordfjord/Sunnfjord. I løpet av 2015 vil det verte gjennomført bussanbod også i Sogn. Det er i desse anboda krav om Euro 6 standard for alle nye bussar. I tillegg er det krav om at framtidige kjøp av bussar i kontraktperioden, skal ha høgast tilgjengelege Eurostandard på bestillingstidspunktet.
Arrangere leverandørseminar med miljøvenlege buss- alternativ som tema	Fylkeskommunen ved fylkes-	I forkant av anbodskonkurransane for Sunnfjord og Sogn. Vurdere	Er det gjennomført eit slikt seminar?	Nei, det er ikkje gjennomført seminar i fylket, men Sogn og Fjordane fylkeskommune deltok

	rådmannen	samarbeid med andre fylkeskommunar.	Deltok leverandørane på seminaret?	med to representantar på Møre og Romsdal fylkeskommune sitt elbuss-seminar i 2015. Erfaringsdeling knytt til innkjøp av transporttenester vert dekkja gjennom medlemskap i Kollektivtrafikkforeninga, der fylkeskommunen er representert i foreninga sitt Miljøforum.
Sette i verk marknadsføring- og informasjonstiltak for å auke bruken av kollektivtransport i fylket	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Starte eit prosjekt i samband med at fylkeskommunen overtek ansvar for fleire reisande. Årleg revisjon	Er eit slikt tiltak starta? Har ein vurdert konkrete tiltak? Er slike tiltak sett i verk?	Fylkeskommunen har tilsett eigen marknadsperson med ansvar for marknadsføring og informasjon. Det er etablert nytt merkenamn for kollektivdelen til Sogn og Fjordane fylkeskommune – KRINGOM. Her finn ein reiseplanleggjar og informasjon om rutetider, billettar, prisar, rabattar, skysskort og vegmeldingar. I forkant av bussanbodet i Nordfjord gjennomførte avdelinga ei spørjeundersøking på bussane i Nordfjord, for å kartleggje korleis dei reisande opplever kvaliteten på kollektivtilbodet i området. Slike spørjeundersøkingar vil verte gjennomførte også for området Sunnfjord og Sogn.

			Er det prosentvis vekst?	Kartlegginga har ikkje gjeve svar på om bruken av kollektivtransport har auka.
Bidra med midlar og kompetanse for å sørge for utbygging av fleire hurtiglade punkt for el- bil i fylket.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Startar i fyrste omgang med Nordfjordeid og Førde med tanke på å utvide til andre sentrale knutepunkt i fylket.	Har fylkeskommunen bidreg med midlar og kompetanse? Er lade punkta bygd?	Ja, i perioden er det løyvd midlar til lade punkt i: - Førde - Nordfjordeid - Stryn, - Jølstrholmen - Sandane Ja, det er bygd lade punkt i: - Oppedal - Nordfjordeid - Førde - Florø - Jølstrholmen - Sandane
Delta i forprosjekt for å greie ut el-buss som eit alternativ for by-buss Førde/ Florø.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Delta i forprosjekt som Sintef arrangerer. Undersøkje om vi har geografien/ topografien som skal til.	Deltek ein i prosjektet?	Fylkeskommunen deltok i prosjektet i 2013 og 2014
Bruke erfaringar frå Sintef sitt forprosjekt rundt el- buss, i anboda for Sunnfjord og Sogn.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen		Er erfaringar frå prosjektet teke med i anbodet?	Erfaringane vart vurdert opp mot bussanbodet i Sunnfjord, men det vart knytt noko usikkerheit til teknologien på det tidspunktet. I tillegg vart el-buss sett som eit for dyrt alternativ.
Innføre systematisk energioppfølging i dei lengste tunnelane i fylket, for å	Statens vegvesen	Systematisk energioppfølging gir eit godt grunnlag for å spare	Har ein systematisk energioppfølging på dei lengste	Har energioppfølging på E16 Flenjatunnelen og

redusera energibruk til drift av vifter og lys.		energi	tunnelane?	Lærdalstunnelen. Ein bør ha som målsetting å få fleire tunnelar i fylke med.
Bytte til energisparande lysarmaturar ved skifte av lysarmatur i tunnelar. Redusere spenninga, spesielt om natta, samt innføre spenningsregulatorar som gir meir konstant spenning	Statens vegvesen	Følgje arbeidet rundt kva type lys og spenning som verkar bra for å få ned straumforbruket og forlenge levetida for lysarmaturar	Er dette gjort? I kva tunnelar?	<p>Dei fleste nye lysanlegg blir prosjektert med LED-lys. Dette gjev høve til effektiv lysstyring enten iform av lysdemping og kjøretøy-detektering.</p> <p>Ein har dimming (Dali), der ein reduserer lysmengde med 50% på natt i følgjande tunnelar:</p> <ul style="list-style-type: none"> - 614 Isetunnelen - 572 Sandetunnelen - E39 Breimsfjelltunnelane
I lågtrafikkerte tunnelar skal det gradvis bli innført detektering som slår lys på når bilar/syklar nærmar seg tunnelen.	Statens vegvesen	Som i Bortnetunnelen	I kor mange tunnelar er dette gjennomført?	<p>Det er kjøretøydetektering i følgjande tunnelar :</p> <ul style="list-style-type: none"> - Fv 698 Eitrånatunnelen (60-70% reduksjon på nattlys) - Fv 616 Bortnetunnelen (30-40 % reduksjon på nattlys) - Fv 609 Ottersteintunnelen - Fv 609 Dalsfjordtunnelen. - Det skal og prosjekteres i Fv 55 Høyangertunnelen og E39 Økslandstunnelen.

Jobbe for å få til avtalar med minst 1 ny sykkelby/ bygd i fylket.	Statens vegvesen, Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Etter modell for sykkelby-avtalen med Førde i dag	Kor mange nye sykkelbyar er det i fylket?	Det er etablert sykkelby-avtale i Florø. Avtalane er inngått mellom Statens vegvesen, Sogn og Fjordane fylkeskommune og kommunen. FK har vedtak om at en også bør inngå avtale med Eid.
Bygge gjennomgåande sykkelvegnett på riksvegar, spesielt i dei største tettstadane	Statens vegvesen	Vegvesenet skal kartlegge kvar det trengs styrking av eksisterande sykkelvegnett, for å gjera dette gjennomgåande. Fylkeskommunen skal prøve å påverke til at det vert lagt opp til gjennomgåande sykkelvegnett knytt til riksvegnettet gjennom fråsegner til NTP og handlingsprogram.	Tal strekningar der ein har gjennomført utbyggingar	Førdepakken inneheld ei stor sykkelsatsing, 1 mrd av 1,6 mrd går til gang/sykkelinfrastruktur
Utarbeide planar for hovudnett for sykkel i dei største tettstadane	Kommunane, fylkeskommunen, statens vegvesen	Plan etter plan- og bygningslova	Er slike planar sette i verk/ utarbeida?	Grunnlaget for sykkelby-avtalane er knytt opp mot det overordna planverket i kommunane. Flora kommune sin kommunedelplan for del av sentrum inneheld hovudnett. Planarbeid pågår for å utvide dette. Førde har handsama ein temaplan med hovudnett.
Delta i Europeisk Mobilitetsveke for meir gåing og sykling, i samarbeid med	Kommunane, statens	Veke arrangert i september	Er det arrangement i Sogn og Fjordane denne veka?	Det har vært arrangement i Førde og Florø

kommunane	vegvesen, fylkeskommunen ved fylkesrådmannen		Kor mange arrangement?	
Gradvis innføre nye og strengare krav til drift og vedlikehald av gang- og sykkelveggar langs riksveg/ fylkesveg etter kvart som nye driftskontraktar vert lyste ut.	Statens vegvesen, Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Ved utlysing av driftskontraktar. Det er laga ny standard for drift- og vedlikehald av riksveggar der g/s-veggar er betre beskrivne enn tidlegare, for dermed å gjera desse meir attraktive	Er slike krav i nye driftskontraktar?	Det er utarbeid retningslinjer som angjev standard for drift og vedlikehald av riksveggar. Denne er meint å vere tilrettelagt slik at standarden også kan brukast for fylkesvegnettet. Ny handbok R610 (tidlegare HB111) innført frå og med haust 2013. Gjeld kontraktane: <ul style="list-style-type: none"> - 1404 Ytre Sunnfjord 2013-18 - 1401 Indre Sogn 2014-19 - 1405 Indre Sunnfjord 2015-20
Ved planlegging av nye veggar skal ein i størst mogleg grad unngå store høgdeforskjellar.	Statens vegvesen	Gjennom planlegging av veggar. Store høgdeforskjellar medfører auka drivstoffforbruk og dermed auke i utslepp.	Er dette teke inn i planlegginga av nye veggar?	Dette har vore innarbeida i vegnormalane i mange år.
Byggje fleire parkeringsplassar for bil og sykkel ved knutepunkt for kollektivtrafikk.	Statens vegvesen, Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, kommunane		Er det bygd fleire parkeringsplassar ved knutepunkt? Kor mange? Kvar?	I perioden er det bygd parkeringsplassar ved kollektivknutepunkt, blant anna ved Eid Rutebilstasjon. I sykkelby-avtalane med Førde og Florø er det konkrete planar for å legge til rette for sykkel-parkering.

I store samferdsleprosjekt skal det leverast klimarekneskap.	Statens vegvesen	Vert laga miljøplanar for alle prosjekt. Det vert også laga klimarekneskap på driftssida og det vert arbeidd med at også investeringane skal koma med.		Det blir laga ytre miljøplan for alle store prosjekt. Det jobbast med å få klima inn i kvalitetssystemet for Statens vegvesen.
--	------------------	--	--	--

1.3. Samfunnsplanlegging

Tiltak	Ansvar	Korleis	Rapportering / indikatorar	Følgd opp
Greie ut moglegheitene for eit samarbeid for å styrke klimaplanlegginga til kommunane.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, styringsgruppa for klimasamarbeid	Greie ut moglegheitene for liknande samarbeid som riksantikvaren og kulturavdelinga har rundt kulturminneplanar.	Er ei slik utgreiing gjennomført? Er det oppretta eit slikt samarbeid? Vert dette brukt? Fungerer det bra?	Nei. Det er oppretta gjennom den regionale styringsgruppa for klimasamarbeid, der fylkeskommunen saman med KS, Fylkesmannen og Vestlandsforskning har søkt RFFV om midlar til eit større prosjekt for samhandling om klimaplanlegging i kommunane, men det er ikkje etablert direkte samarbeid med statlege aktørar.
Nytta styringsgruppa for klimasamarbeid som fellesarena til å styrke og samordne klimaarbeidet i fylket.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, styringsgruppa for klimasamarbeid	Vidareføre styringsgruppa for klimasamarbeid, og invitere relevante regionale aktørar til møta.	Har styringsgruppa møter? Fungerer styringsgruppa som ein arena for samhandling? Er det gjennomført møter med andre regionale aktørar?	Ja, det er avvikla 3 møter i 2015. Gruppa er først og fremst ein diskusjonsarena. Samhandling vert forsøkt styrka gjennom samhandlingsprosjektet. Vestlandsforskning er invitert inn i styringsgruppa. Andre aktørar, som NVE, Innovasjon Noreg har

				ikkje delteke i møter.
Tydeleggjere for kommunane mogelegheitene dei har til å sette klimakrav og gjennomføre klimatiltak.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen, nettverk	Gjennom rettleiing, seminar, nettverk for kommunane. Utarbeide ein rettleiar om kva føringar ein kan legge inn i ulike type planar.	Vert det gjennomført seminar/rettleiing? Er det utarbeida ein slik rettleiar?	Klima og miljø er lagt inn i temaplanen til nytt plannettverk, som vert gjennomført i samarbeid mellom FM og FK. Nei, rettleiar er ikkje utarbeida. Tema er lagt inn i prosjektplan for samhandlingsprosjektet.
Samordne informasjon om utsleppsreduksjon og klimatilpassing.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Utvikle plannett med peikarar til relevante stadar kommunane kan hente informasjon.	Er denne informasjonen gjort tilgjengeleg via plannett?	Informasjon er gjort tilgjengeleg på Plannett.
Vidareutvikle system for rapportering for klimaarbeidet i den fylkeskommunale verksemda og koordinere arbeidet med oppfylging av klimaplanen.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Drifte den interne tverrsektorielle klimagruppa. Årleg rapportering til Fylkestinget.	Vert tverrsektoriell gruppe nytta? Er system for rapportering opparbeida? Vert årleg rapportering gjennomført?	Ja, gruppa har hatt 5 møter i 2015. Det er ikkje rapportert til Fylkestinget om arbeidet med klima og miljø, men Hovudutvalet for plan og næring fekk midtvegs statusrapport i 2014. Rapportering frå arbeidet med klima og miljø er ein del av fylkeskommunen sin overordna del i årsrapporten.
Sørgje for at utsleppsreduksjon og klimatilpassing vert inkludert i alle regionale planar	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Mellom anna i regional plan for folkehelse og regional plan for verdiskaping med fleire.	Er utsleppsreduksjon og klimatilpassing teke med i desse planane?	Gjennomført for verdiskapingsplanen. Ikkje eige tema i andre nye regionale planar.
Sette i gang eit prosjekt for å vurdere	Fylkes-	Nytte erfaringar frå forprosjekt	Er eit slik prosjekt	Det er ikkje gjennomført eit eige

<p>korleis berekraftige lokalsamfunn kan sjå ut i Sogn og Fjordane</p>	<p>kommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>om Transition Towns initiativ, og sjå på korleis ei meir heilskapleg tenking rundt berekraft vil kunne påverke planarbeidet.</p>	<p>gjennomført?</p> <p>Kom det ny kunnskap frå prosjektet?</p>	<p>prosjekt i fylkeskommunen sin regi, men eitt lokalt initiativ innanfor berekraftig samfunnsutvikling har motteke støtte. I tillegg har fylkeskommunen støtta eit prosjekt knytt til samfunnsentreprenørskap.</p> <p>Kunnskapen frå det sistnemnte prosjektet skal konkretiserast i ein modell for arbeid med samfunnsentreprenørskap, som kan nyttast av fylkeskommunen og kommunar i lokalt utviklingsarbeid.</p>
<p>Spele inn tiltak til kapittel om klima i den regionala planen for vassressursar; Forvaltningsplan for Vassregion Sogn og Fjordane.</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>Gjennom arbeidet med forvaltningsplanen</p>	<p>Er dette kapitlet på plass?</p>	<p>Ja, kapitlet er med i planen.</p>
<p>Bidra til at det vert realisert eit TUN+ pilotprosjekt, for å stimulere til auka kunnskap knytt til miljøvenlege byggeprosjekt</p>	<p>Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen</p>	<p>I samarbeid med arkitekt, kommune, tiltakshavar, entreprenør og husbanken</p>	<p>Er eit pilotprosjekt i gang?</p> <p>Er eit TUN + realisert/ bygging</p>	<p>Det er laga ei skisse av eit TUN+ på Lomelde i Leikanger, men prosjektet har stoppa opp grunna manglande finansiering. Ein har jobba for å finne løysingar, mellom anna å gjennomføre delar av prosjektet saman med elevar ved tømrrarlinja på Sogndal VGS og studentar frå Høgskulen i Sogn og Fjordane.</p> <p>Det er gjennomført eit</p>

			starta opp?	innføringskurs, men sjølve bygginga er ikkje starta opp.
Delta i relevante internasjonale fora for å lære av internasjonale erfaringar rundt klima og miljø.	Fylkeskommunen ved fylkesrådmannen	Delta i internasjonale fora for å styrke eigen og kommunane sin kunnskap. Bli medlem av ICLEI, og delta i deira arbeid rundt klima og berekraft.	Deltek ein i relevante internasjonale fora? Bidreg dette til auka kunnskap? Er fylkeskommunen medlem i ICLEI? Informasjon frå ICLEI når ut i organisasjonen og til kommunane.	Nei, ein har ikkje kunna prioritert å delta i slike fora.
